



Kulturdepartementet, kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Balestrand, 30.10.2014
Vår sakshandsamar: Jostein Risa
Vår ref.: 14/00014-003
Arkivkode: 001
Gradering: I

Høyringsfråsegn - «Staten og Den norske kirke - et tydelig skille»

Høyringsfråsegna frå Balestrand sokneråd er skriven ut frå vedtak i sak 035/14 i møtet 28.10:

Staten og Den norske kirke - et tydelig skille. Høring.

Høyringsfråsegn frå Balestrand sokneråd (eittsoknskommune)

Balestrand sokneråd har som einaste sokneråd i ein eittsoknskommune både soknerådsfunksjon og fellesrådsfunksjon og rådet legg her fram sitt syn på ein del av framlegga i høyringsnotatet.

- 1) Balestrand sokneråd er svært opptekne av at **soknet si rolle ikkje må svekkast**. Oppgåvefordelinga mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå bør drøftast grundig for å unngå at soknet si rolle i realiteten vert svekka i høve til dei andre nivåa.
- 2) Balestrand sokneråd er glade for at soknet sine rettar er lovfesta (t.d. prest i kvart sokn) og reknar med at dette også inneber at staten forpliktar seg til å finansiere slik teneste.
- 3) Balestrand sokneråd meiner samstundes at «prest i kvart sokn» i §22 må presiserast og også må seie noko om **omfanget av prestenesta**: Jamlege gudstenester i soknet, alle naudsynte kyrkjelege handlingar, samarbeid med soknerådet jf. soknet sine vedtekne planar.
- 4) Balestrand sokneråd ser tilsetjingar som ein viktig styringsreiskap som soknet ikkje må miste kontakten med, og rådet meiner difor at **soknet sin rett til medverknad ved tilsetjing av prest i eige sokn** må leggest inn i lovteksten i kyrkjelova §34.
- 5) Balestrand sokneråd ynskjer at **prestenesta si forplikting på ordinasjonen** vert lovfesta. Dette gjer at presten står friare i høve styringsretten til arbeidsgjevar, men soknerådet meiner at presten har ei særskilt rolle og bør ha dette sjølvstendige ansvaret.
- 6) Balestrand sokneråd meiner at **opplysningsvesenets fond si tilknytning til kyrkja** må sikrast i det vidare arbeidet med skiljet mellom kyrkja og staten.
- 7) Balestrand sokneråd meiner at **staten sitt økonomiske ansvar må spesifiserast** nærare i kyrkjelova §22 som ein parallell til korleis kyrkjelova §15 omtalar kommunen sitt økonomiske ansvar:
 - a) landsdekkande presteneste
 - b) landsdekkande og regelmessig trusopplæring for alle medlemmer 0-18 år i tråd med trusopplæringsreforma
 - c) landsdekkande diakonitiltak

d) regionale og sentrale kyrkjelege organ, samt bispeteneste med tilsynsansvar.

Soknerådet er uroa over at det økonomiske ansvaret til staten (jf §16 i grunnlova) er lite utgreia og det er lett å tolke dette som signal om regjeringa har planar om å redusere tilskotet til kyrkja – i strid med dei signala som var gjevne i samband med grunnlovsendingane.

8) Når det gjeld **pensjonsspørsmålet** meiner Balestrand sokneråd at staten må garantere dekking av alle framtidige utgifter **for dei tilsette som i dag har opparbeidd pensjonsrettar i staten** (reguleringskostnader og andre ytingar som ikkje kan forsikrast).

9) Soknerådet i Balestrand ynskjer at **innhaldet i kyrkja** skal kome meir fram i lovteksten og vil be om at kyrkja si forpliktinga på **vedkjenningskriftene** for DnK kjem med i Kyrkjelova.

10) Til slutt vil soknerådet halde fram at ei så viktig høyring burde hatt ein **lenger høyringsfrist**. Det er framlegg om omfattande endringar som vil få mykje å seie for Dnk. Når det i lovframlegget vert understreka at soknet framleis skal vere grunneininga i Dnk, bør sokna få eit reelt høve til å setje seg skikkeleg inn i ei så viktig sak før dei gjev fråsegn.

For Balestrand sokneråd



Jostein Risa
kyrkjeverje / dagleg leiar